

# Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## Bots- og bønedaag – 27. oktober 2019

Preiketekt: Luk 15,11-32

Lesetekt I: Mika 7,18-19

Lesetekt II: 2 Kor 13,5-8

## SONEN SOM KOM HEIM

### Dagen

Heilt til for 70 år sidan var bots- og bønedaag ein eigen helgedag, til han vart lagt til siste søndag i oktober, som ein søndag i treeiningstida, men med eige namn, eigen liturgisk farge (botsfargen fiolett) og eiga bøn, bots- og bededagsbøna.

Ordninga i dag med å ha open kyrkje ved store ulukker, tragediar og katastrofer i nasjonen er kanskje ei oppfølging av tidlegare tiders tillysing av ekstra bots- og bønedaag ved slike høve.

Vi har ei vakker og ransakande bøn for denne dagen, ei bøn om tilgjeving for våre mange synder og brot, felles og individuelt, og ei bøn for kyrkja om å vera eitt, ei bøn om Guds miskunn og langmod.

### Mista, leita, finna

Dei tre likningane i Luk 15 handlar om det same: å mista, leita og finna. Det er eit svar til farisearanes kritikk av at Jesus hadde omgang med tollarar og syndarar. Dei har mista Guds kjærleik til dei bortkomne, og står i fare for å avvisa menneske som Gud lengtar og leitar etter.

Jesus viste oss eit annleis gudsbilete. I Jesu forkynning er Gud som ein lengtande far som kjem sine bortkomne i møte og steller til fest for dei som vender heim.

### Å koma heim

Å erkjenja si synd og be om tilgjeving, slik den bortkomne sonen gjorde, er å koma heim. Og da møter Gud oss med nåde og tilgjeving og gode gåver. Tollaren i tempelet som bad: «Gud, ver meg syndar nådig!», han gjekk rettferdiggjort heim. Røvaren på korset, som erkjente si synd, vart med i Paradis.

Guds ord seier: «Dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urettferd.» 1. Joh 1,9

### Sanningstidspunkt

Den unge guten i forteljinga ringeakta sin far ved å be om arven før far var død, og sa dermed at far ikkje var til for han. Det er som å seia at eg bryr meg ikkje om Gud, Gud er ikkje til for meg. Men for Gud er eit slikt menneske bortkomen, ja, fortapt, så lenge som han blir borte frå Gud. Likevel lengtar og ventar Gud på at dette mennesket skal koma til han.

Det er så mykje snakk i vår tid om sjølvrealisering, og om at vi alle er gode nok. Den bortkomne sonen kom til seg sjølv da han erkjente si synd og sin nedrige og fortapte situasjon. Det var eit

sanningstidspunkt i hans liv. Det same skjedde med den samaritanske kvinna ved brønnen, ho som hadde rota til livet sitt og hadde hatt 5-6 menn. Da ho fekk sjå si synd og at ho hadde møtt han som kunne frelsa henne, fekk livet hennar ein ny retning og ho vart frigjort; til og med så fri at ho kunne vitna for andre som kanskje den første misjonær, ei kvinne som førte heile landsbyen sin til tru på Jesus.

Og det er mange slike eksempel i Bibelen. Jesaja som sa: «Ve meg! Det er ute med meg. For eg er ein mann med ureine lepper ...» Han fekk ei glo frå altaret på leppene, med orda: «Sjå, denne har rørt ved leppene dine. Di skuld er borte og di synd er sona.» Han vart ein reidskap for Herren.

Jesus kom for å søka etter det som var fortapt, for å frelsa det.

Også i litteraturen møter vi dette. Når Peer Gynt står ved enden av sitt liv og veit at han er fortapt, fordi han har skusla bort livet sitt og aldri vart det han skulle med Guds stempel på sin panne, da er det håp for han.

Gud som leita etter Adam i paradiset, er vel det første og sterkaste biletet på Guds uendelege kjærleik og søking etter det tapte.

### **Kyrie eleison**

Det er det evige rop: Gud, miskunne deg over oss!

Også Det gamle testamentet viser ein nådig Gud, ein Gud som « trør vår skuld under fot og kastar alle våre synder ned i havsens djup». Mika seier: «Kven er ein Gud som du, ein som tek bort skuld og tilgjev synd for den resten han eig? Han held ikkje evig fast på vreiden, for han vil gjerne visa miskunn» Mika 7,18-20

Kristus kom for å søke det fortapte og frelse det.

Treng vi ein bots- og bøneda? Vi treng det vel kvar dag, men for å minna oss på det, og for å gå inn i anger og bot, er det godt for oss å ha ein spesiell dag i kyrkjeåret.

Da kan vi be i bededagsbøna: «Heilage Herre Gud, heilage treeinige Gud, heilage, miskunnsame Gud, ver nådig mot oss!»

Kyrie eleison.

### **Einy Rendal Elgsæther**

Pensjonist. Prestevikar. Tilegare utsending for Santalmisjonen / Normisjon.  
[einyre@gmail.com](mailto:einyre@gmail.com)